



Tingvoll kommune

*Økokommunen –
bedre løsninger for mennesker og miljø*

Arkiv: 002
Arkivsaksnr: 2014/639-6
Saksbehandler: Olaug Haugen

Saksfremlegg

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Formannskapet	81/2014	07.10.2014
Kommunestyret	41/2014	16.10.2014

Arbeidet med kommunereform i Tingvoll kommune - prosess

Vedlegg


- 1 Invitasjon til å delta i reformprosessen
- 2 Invitasjon til å delta i reformprosessen

Saksopplysninger

Kommunal- og regionaldaepartementet (KMD) har sendt ut ein invitasjon til alle kommunane i landet om å starte opp ein prosess knytta til kommunereform. Reforma omhandlar ei ny oppgåvefordeling mellom stat og kommunar, og ein ny kommunestruktur. KMD sin invitasjon byggjer på Stortinget sitt vedtak i samme sak.

Kommunane i Møre og Romsdal vart 19.09.14 invitert til oppstartssamling av reforma i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal og KS. Frå Tingvoll deltok ordførar, gruppeleiar for Arbeiderpartiet og rådmannen på samlinga.

Nasjonal framdriftsplan:



"Regjeringen vil legge til rette for en bred og grundig prosess rundt kommunereformen både i Stortinget og i kommunene. Det nye kommunekartet skal bli til gjennom regionale og lokale prosesser, der kommunene selv kan diskutere hvilke kommuner de ønsker å slå seg sammen med. Fylkesmannen vil få ansvar for å lede og igangsette de regionale prosessene, sammen med KS regionalt."

Departementet legger opp til to ulike løp:

Løp 1: Kongelig resolusjon

Vår 2016

For kommuner som gjør kommunestyrevedtak i løpet av høsten 2015, vil departementet legge til rette for at sammenslåing skal kunne vedtas på nasjonalt nivå i løpet av våren 2016. I tilfeller hvor kommunene er enige har Kongen i statsråd myndighet til å vedta sammenslåing dersom det ikke medfører endring av fylkestilknytning for mer enn en kommune.

Innen sommeren 2016

Kommunale vedtak om sammenslåing for kommuner som har vedtatt sammenslåing høsten 2015.

1. januar 2018

Sammenslåinger vedtatt i Kgl. res. kan tre i kraft.

Løp 2: Proposisjon om en helhetlig kommunestruktur til Stortinget våren 2017

Våren 2017

Planlagt tidspunkt for fremleggelse av en samlet proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur. Kommunale vedtak som fattes høsten 2015, men som ikke følges opp av kongelig resolusjon våren 2016, vil også bli inkludert i proposisjonen.

Sommeren 2017

Nasjonale vedtak om ny kommunestruktur skal være fattet.

For fortløpende informasjon om reformprosessen har regjeringa opprettet nettstaden Kommunereform.no og vi tilrår alle folkevalde å halde seg oppdatert på denne.

Oppgavefordeling mellom stat og kommune

Regjeringa har sett ned ekspertutvalg for å identifisere robuste kommunar, og ei ny oppgavefordeling mellom staten og kommunesektoren. Denne ekspertgruppa skal vera ferdig med sitt arbeid våren 2015.

Frå mange hold der det påpeika at det er heilt nødvendig å sjå dei framtidige oppgåvene saman med sjølve kommunestrukturen og omfanget av denne. I dette bildetet bør ein også sjå på oppgaveoverføring frå staten til fylkeskommunane og evt. frå fylkeskommunane til kommunane.

Økonomiske virkemidlar ved samanslåing:

Regjeringa har lagt inn følgjande økonomiske verkemidlar i arbeidet med kommunereform:

1. Tilskot til å dekke samanslåingskostander – Eingangsbeløp. Grunnbeløp 20 mill kr som blir differensiert etter framtidig kommunestorleik, antall kommunar og antall innbyggjarar.
2. Reformstøtte, minstebeløp på 5 mill kr pr samanslåing
3. Foreslått restriksjoner på låneopptak – godkjenning av Fylkesmannen
4. Inndelingstilskudd – opprettholdt dagens ordning på 15 år etter samanslåing. Knytta til forutsetningane i inntektssystemet som dei samanslåtte kommunane har før dei vert samanslått.
5. Regjeringa varslar ein heilsakeleg gjennomgang av inntektssystemet til kommunane i perioden.

Regional framdriftsplan- presentert av Fylkesmannen :

Lokal framdriftsplan i Møre og Romsdal

2014 2015 2016

Fase 1 (Høst 2014)	Fase 2 (2015 - før og etter valget)	Fase 3 (Våren 2016)
<ul style="list-style-type: none">Alle 36 kommunene i Møre og Romsdal legger fram en sak til sitt K-styre om <u>hvordan</u> de ønsker å jobbe med kommune-reformen i sin kommune for å komme i mål våren 2016. Prosess!Her kan det tas utgangspunkt i en felles mal som fylkesmannen utarbeider	<ul style="list-style-type: none">FØR valget, dvs våren 2015 arbeides det med lokale prosesser og informasjon for å sikre et best mulig beslutningsgrunnlag. En sak med fakta grunnlag anbefales lagt fram for K-styret, våren 2015.ETTER valget: Folkevalgtopplæring med spesiell vekt på kommunereform og framtidsutfordringer	<ul style="list-style-type: none">I løpet av 1. tertial 2016 skal det til alle k-styrer fremmes en sak hvor man kommer med forslag til framtidig kommunestruktur. Da det kan bli behov for flere runder i k-styret er det viktig at det er noe tid å gå på fram til juni 2016.Frist for innsending av vedtak til Fylkesmannen: 01.07.2016

Vurdering

Det er ei rekke prinsipielle forhold som bør belysast når ein planlegg å gjennomføre den største forvaltningsreforma på 50 år i Norge. Nokre sentrale spørsmål kan vera:

- Det kommunale sjølvstyret er ikkje grunnlovsfesta i Norge, men er kommunane likevel meir enn iverksetjarar av statleg politikk ? Kva konsekvensar har kommunereforma for folkestyret ?
- Stortinget har vedtatt kommunereforma, men er kommunesektoren og Tingvoll kommune modne for reform ? Og har vi i realiteten noko valg ?
- Økonomiske konsekvensar ved å gå inn i ein større kommune og evt. å vera ein sjølvstendig kommune.
- Reforma sin karakter – ei parallell tenking i alle offentlege sektorar – vi er alle for små.
- Smådriftsfordelar- og ulemper, og stordriftsfordelar- og ulemper.
- Tempo i reforma
- Konsekvensar av reforma – for busettingsmønster, for fordeling av makt og innverknad, for sysselsetting og regional balanse.

Lokale føringar i Tingvoll

Kommuneplanens samfunnsdel vart vedtatt av kommunestyret i april 2014. Eit av fire hovudkapittel i planen heiter ”Regional integrasjon”. Slik er teksten i dette kapittelet: ”

I. Være en utvikler og samarbeidspartner for regional integrasjon

Slik opplever vi dagens og framtidas utfordringer:

Mange samfunns- og demografianalyser viser trender med sentralisering fra distrikturen til urbane strøk, og fra fjordene til kysten. Dette vises også i Møre og Romsdal.

En av de største utfordringene til Tingvoll kommune er svak befolkningsvekst sammenlignet med landsgjennomsnittet. Å finne strategier som møter disse utfordringene, vil være i fokus i kommuneplanarbeidet. Det vil være viktig i kommuneplanarbeidet å finne ut hvorfor det er slik i Tingvoll, og hvordan man kan forsøke å snu denne trenden. Arbeidsinnvandringen er også i hovedsak mannsdominert i vår region.

Slik gjør vi det:

Tingvoll kommune har hatt som strategi å vere en sjølstandig, kompetent og attraktiv kommune. I ny regjeringsplattform kommer det tydige signal om at kommunestrukturen skal endres. Tingvoll kommune ønsker å ta en aktiv posisjon i arbeidet for å prege framtidens geografiske rammer, tjenester og maktfordeling.

Tingvoll kommune har en grønn profil som økokommune, og ønsker at den profilen innen kompetansemiljø, næringsutvikling og kunnskapsbase i administrasjonen skal prege kommunen og gi Nordmøre flere bein å stå på. Med en slik tydlig profil vil kunne forme:

- Regional arbeidsdeling – grønne fag til Tingvoll
- Regionale prosjekt med vertskommuner
- Klyngedannelser i nærings- og kompetansemiljø.

Tingvoll kommune ønsker å knytte seg til nærings- og befolkningsvekst på kysten. Våre framtidige kommunetilhørighet mener vi finnes sammen med kommuner på Ytre Nordmøre og Kristiansund. Da vil den nye kommunen kunne ha et befolkningstall på ca 35 000. Ved at flere omlandskommuner går sammen med regionsenteret styrker vi et robust bo- og arbeidsmarked, vi kan skape mer regional balanse mellom by og omland, vi vil i liten grad ha konkurrerende senterstrukturer, og vi kan fornye våre arbeidsformer i offentlig sektor gjennom f.eks. regional arbeidsdeling.

Faren med å bli en del av en større kommune er å bli en utkant geografisk, og en svak premissleverandør for utvikling av tingvollsamfunnet. Sårbarheten kan også øke for de mest desentraliserte av våre tjenester, særlig dersom en får en strammere kommunøkonomi i en stor kommune. Tingvoll kommune har over lang tid hatt som strategi å investere i kommunens tjenester, bygg og veier, og i institusjoner som bidrar til å bygge attraktivitet i samfunnet. Denne strategien opprettholdes.

Når kommunegrenser blir endret er det steders karakter som framtrer som konkurransefortrinn. Vi vet at sentrumskvaliteter blir viktig for mengde og mangfold i tjenester, attraktive bo-miljø, urbane kvaliteter og framvekst av flere arbeidsplasser. Tingvoll vil fremdeles satse på stedsutvikling i Tingvollvågen, og utvikling av Einset som et attraktivt senter i ytre del av Tingvoll. Tingvollvågen vil være det området i Tingvoll som kan være mest sårbart ved kommunestrukturrendring, og endring i struktur i andre offentlige sektorer. Vi vil arbeide for å fornye og styrke nærings- og kompetansemiljøene i Tingvoll.

Tingvoll kommune jobber også aktivt for å styrke integrasjonen i regionen gjennom samferdselsprosjekt og etableringen av nytt felles sykehus for Nordmøre og Romsdal. Kommunen vil fremdeles prioritere innsatsen for Ferjefri E39 og bro over Halsafjorden, realisering av RV 70 Tingvoll – Meisingset, og arbeide for lokalisering av fellessykehuset på Nordmøre.

Slik vil vi ha det:

Være utviklingsorientert og samarbeidspartner for regional integrasjon

Slik gjør vi det:

Interkommunalt samarbeid

- Evaluere nytteverdien av eksisterende tjenestesamarbeid/kommunale samarbeid/vertskommunesamarbeid
- Etablere interkommunale samarbeid der dette både er faglig nødvendig og kostnadseffektivt
- Bidra til å forsterke klyngetenkning innenfor kompetansemiljøer. Dette vil bidra til konkurransefortrinn for kommunen og regionen.
- Være vertskommune eller bidra sterkt i interkommunal eller regional arbeidsdeling, med spesielt fokus på grønne fagfelt
- Fremme helhetlig styring i interkommunalt samarbeid og regional arbeidsdeling

Omdømme og synlighet

- Forankre økokommuneverdiene i lokalsamfunnet i Tingvoll
- Profilere økokommuneprofilen på Nordmøre, regionalt og nasjonalt
- Delta aktivt i forskjellige ORKidè-initiativer
- Være en aktiv bidragsyter og innspillspart for regionalt planarbeid
- Søke etter og gjennomføre utviklingsprosjekter som bygger opp om Tingvoll kommune sine strategier og visjon.

Være premissleverandør i viktige spørsmål i regionen. Dette kan eksempelvis være etableringen av nytt sykehus, samferdselsspørsmål, nærings- og arealspørsmål, interkommunalt tjenestesamarbeid og interkommunalt planarbeid ”

I Tingvoll har vi gjennomført fleire tiltak i 2013 og 2014 som har relevans for saka om kommunereform:

- Folkemøter vi har hatt i forbindelse med kommuneplanen.
- Scenariojobbing med formannskapet og virksomhetsleiarar. ”Bydel Tingvoll” og ”Øko-bygda”
- Interkommunalt samarbeid – 34 samarbeidsordningar deltek Tingvoll kommune i. Rapport fra NIVI analyse presentert i formannskapet i februar 2014.
- Byregionprogram – regional arbeidsdeling, felles næringsareal og utvikling av bysentrum. Programmet var til politisk behandling i kommunestyret i juni 2014.

Administrasjonen meiner at Tingvoll kommune gjennom desse prosessane har auka medvitet kring regional integrasjon, og gitt klare signal om aktiv og offensiv jobbing for å posisjonere både Tingvoll og Nordmøre.

Kva prosess ønskjer vi å leggje opp i det vidare arbeidet:

- Folkemøter med Open Space som arbeidsform.
- Undersøking av folkemeining om framtidige partner-kommunar – folkeavstemming, spørreundersøking eller andre metoder ?
- Samordning med regionrådet Orkide
- Samordning i byregionprogrammet – framdrift i konkret arbeid.
- Kva utgreiingar har vi behov for ?
- ✓ Økokommunen Grønn klynge – Tingvoll sitt regionale fortrinn
- ✓ Modellar for demokratisk styring i ein ny storkommune (generalistkommune, områdestyring mm)
- ✓ Sentralisering og desentralisering av oppgåver i den nye kommunen, verknader for ulike tenesteområde i kommunen og fylkeskommunen.

Utgreiingane som er foreslått krev ekstern finansiering, og kommunen forventar at vi kan motta skjønnstilskot til dette arbeidet. Fylkesmannen løyver kr 100 000 pr kommune etter behandling av denne saka.

- Tidsaspekt: Pga av kapasitetvurderingar i administrasjonen rår rådmannen til at start for vidare arbeid i Tingvoll er i april 2015, men med aktiv og kontinuerleg deltaking i pågåande prosessar på Nordmøre med utgangspunkt i kommunestyrets vedtak om kommuneplan og byregionprogram. Det er svært viktig at prosessane mellom kommunar som ønskjer å slå seg saman blir koordinert, slik at ein tek dei same politiske debattane omlag på den same tida. Administrasjonen i Tingvoll vil antyde at det sitjande kommunestyret tek prinsipielle debattar og formannskapet/ ordførar fører dialogen med kommunane ein ser for seg å slå seg saman med i framtida. Det nye kommunestyret vil i løpet av våren 2016 vidareføre dialogen med dei aktuelle kommunane og besluttar om og kven Tingvoll skal slå seg saman med. Eit forventa kommunestyrevedtak er i tidsrommet juni – oktober 2016.
- Organisering av arbeidet: Formannskapet som styringsgruppe. Ordførar leiar arbeidet og legg fram saker. Administrasjonen vil delta i saksførebuing på ordinære måte, og følgje opp vedtak.

Økokommunevurdering:

Dersom innstillingen vedtas, vil denne saken ha

Positiv	<input type="checkbox"/>
Nøytral	<input checked="" type="checkbox"/> X
Negativ	<input type="checkbox"/>

Evt. merknader:

effekt på kommunens arbeid som økokommune.

Rådmannens innstilling

- 1.Kommunestyret vedtar å byggje arbeidet med kommunereform på kommunens vedtatte plan- og styringsdokument.
- 2.Arbeidet med kommunereform i Tingvoll blir eksplisitt starta opp i april 2015, bygd på elementa i saksframlegget i denne saka. Kommunen samordnar seg med kommunar på ytre Nordmøre gjennom byregionprogrammet og ellers med Orkide.
- 3.Formannskapet blir styringsgruppe for den vidare prosessen og ordføraren leiar arbeidet.
4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal blir gjort kjent med kommunestyrets vedtak i denne saka.

Behandling i Formannskapet - 07.10.2014

Det ble stemt over innstillingen som ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

- 1.Kommunestyret vedtar å byggje arbeidet med kommunereform på kommunens vedtatte plan- og styringsdokument.
- 2.Arbeidet med kommunereform i Tingvoll blir eksplisitt starta opp i april 2015, bygd på elementa i saksframlegget i denne saka. Kommunen samordnar seg med kommunar på ytre Nordmøre gjennom byregionprogrammet og ellers med Orkide.
- 3.Formannskapet blir styringsgruppe for den vidare prosessen og ordføraren leiar arbeidet.
4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal blir gjort kjent med kommunestyrets vedtak i denne saka.

Behandling i Kommunestyret - 16.10.2014

Kristin Marie Sørheim, Sp la fram følgende forslag:

Nytt punkt:

Kommunestyret ber om at arbeidet med kommunereform må få eit større fokus på lokaldemokrati, maktfordeling og konsekvensar for busettingsmønsteret.

Einar Lund, Ap la fram følgende forslag:

Nytt punkt 2:

Kommunen skal utarbeide en egen informasjonsstrategi som er dekkende for gjennomføring av prosessen med kommunereformen.

Jon N. Eikrem, V la fram følgende forslag til tillegg på pkt 1:

„..med sikte på felles identitet og attraktivitet, og ein balanse mellom by og land i ein ny kommune.“

Det ble stemt over FS sin innstillingen som ble enstemmig vedtatt.

Det ble stemt over forslaget til rep. Eikrem, som ble enstemmig vedtatt.

Det ble stemt over forslaget til rep. Lund, som ble enstemmig vedtatt.

Det ble stemt over forslaget til rep. Sørheim, som ble enstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar å bygge arbeidet med kommunereform på kommunens vedtatte plan- og styringsdokument, med sikte på felles identitet og attraktivitet, og ein balanse mellom by og land i ein ny kommune.
2. Kommunen skal utarbeide en egen informasjonsstrategi som er dekkende for gjennomføring av proessen med kommunereformen.
3. Arbeidet med kommunereform i Tingvoll blir eksplisitt starta opp i april 2015, bygd på elementa i saksframlegget i denne saka. Kommunen samordnar seg med kommunar på ytre Nordmøre gjennom byregionprogrammet og ellers med Orkide.
4. Formannskapet blir styringsgruppe for den vidare prosessen og ordføraren leiar arbeidet.
5. Fylkesmannen i Møre og Romsdal blir gjort kjent med kommunestyrets vedtak i denne saka.
6. Kommunestyret ber om at arbeidet med kommunereform må få eit større fokus på lokaldemokrati, maktfordeling og konsekvensar for busettingsmønsteret.